



Fylkesmannen i Hordaland
Helse- og sosialavdelinga
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2089 - 18/3139

Saksbehandlar:
Arngunna Haga
arngunna.haga@meland.kommune.no

Dato:
26.02.2018

Oversending av rapport etter tilsyn - Nav Meland kommune - 2017

Vi viser til tilsendt rapport datert 16.01.18 etter Fylkesmannen sitt tilsyn ved NAV Meland.

Meland kommune har retta opp avviket etter tilsynet då søknader frå personar mellom 17 og 23 år no vert avgjort etter ei konkret og individuell vurdering når det gjeld bruk av ungdomssats.

Ein har revidert rutiner for tildeling av økonomisk sosialhjelp slik at det vert tydeleg kven som skal vurderast i høve ein eigen «Ungdomssats». Oppdatert rutine er informert alle som arbeider ved NAV Meland generelt og for alle som sakshandsamar saker etter lov om sosiale tjenster i arbeids- og velferdsforvaltningen spesielt. Rutinen som gjeld ungdomssats vert evaluert i kvar enkelt sak då den enkelte saka skal vurderast individuelt.

I den nye rutinen heiter det:

Etter Nav Meland sine retningslinjer vert det som utgangspunkt ytt kr 911,- til livsopphald per veke (kr 3950 per månad) for heimebuande **ungdom mellom 18 og 25 år**. I tillegg til ungdommar som går på vidaregående, gjeld dette ungdommar som nyleg er ferdig på vidaregående, samt dei som bur heime og ikkje har utgiftar til husleige og fellesutgifter i hushaldninga.

Beløpet er meint å dekke grunnleggjande og naudsynte utgifter som mat og drikke, klede og sko, hygiene, telefon, lege og medisin, fritid og reise (bruk av offentleg kommunikasjon til daglege gjeremål).

I vurderinga av livsopphaldsatsen legg Nav Meland vekt på at foreldre har underhaldsplikt for born som er over 18 år og som er elev i vidaregåande jf. barnelova § 68 andre ledd. Vidare vert det lagt vekt på at ungdommar flest ikkje får meir utgifter den dagen dei fyller 18 år, og at det dermed er tilstrekkeleg med same livsopphaldsats som for born i alderen opp til 17 år.

I vurderinga vert det også lagt vekt på at stønaden skal virke motiverande for å kome seg ut i arbeid eller arbeidsretta aktivitet, og at den rettleiande livsopphaldsatsen dermed bør vere lågare enn det ein kan forvente når ein kjem i arbeid eller aktivitet.

Livsopphaldsatsen for heimebuande ungdom er rettleiande og vert nytta som eit utgangspunkt for Nav Meland sine vurderingar. Kvar enkelt sak skal alltid vurderast individuelt.

Med helsing

Martin W. Kulild
Rådmann

Arngunna Haga
leiar Nav

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Helse- og
sosialavdelinga

5020

BERGEN